



Kartverket Tinglysing
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1665 - 20/80631


Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
17.12.2020

Vurdering av oppmålingsplikt og behov for eigenfråsegn om konsesjonsfridom for leige av areal til parkering for 5 bilar på GBNR 1/263 Flatøy

Som hovudregel er det ikkje oppmålingsplikt for leige av parkeringsplassar av dette omfanget som denne avtalen gjeld. Matrikkelforskriften §30.1 seier at «Dokument om forpaktning eller annen leie av grunn som ikkje er bebygd eller skal bebygges, kan tinglyses utan at grunnen blir matrikulert som egen matrikkelenhet...»

Avtalen gjeld leige av eit areal på vel 90 m² på ein næringseigedom som er over 2000m², og som utgje ein mindre del av eit større parkeringsareal. Parkeringsplassane er knytt til næringsdrift på eigedommane GBNR 1/80, 285.



Avtalen er oppseieleg med 3 mnd gjensidig frist og er meint å vera ein mellombels avtale i ein anleggsperiode. Avtalen er ikkje avgrensa oppad til 10 år, men det er lite truleg den kjem til å vara lenger.

Landbrukskontoret har også hatt dette spm. til uttale og har uttalt at denne avtalen ikkje er konsesjonspliktig.

Då det ikkje vert oppretta eige fnr/ bnr for dette arealet er det heller ikkje nødvendig med eigenfråsegn om konsesjonsfridom.

Alver kommune meiner denne avtalen kjem inn under unntaka frå matrikuleringsplikt i Matrikkelforskrifta §30 og ber om at denne avtalen vert tinglyst slik den ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

BWS Musikk
Kartverket Tinglysing

Postboks 600 Sentrum 3507 HØNEFOSS